

## Rutinar for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet

Planlegging av skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunen/Skyss der rett til skyss kan bli gitt til elevar basert på avstand mellom heim og skule, medisinske årsaker, eller ut frå at det vurderast at skolevegen er særleg farleg. Vedtak om skuleskyss kan bli fatta av fylkeskommunen/Skyss eller av kommunen (når skulevegen blir vurdert som særleg farleg). Dette gir eit spesielt ansvar for at transporten vert gjennomført på ein trygg måte.

Beredskap ved avvik og ulykker skal følgje beredskapsplanen for kollektivtrafikk, men med følgjande unnatak/tillegg:

- Ved skulestart kvart år gir Skyss informasjon til skulane om kva telefonnummer hjå bussoperatør og drosjeselskap som skal nyttast ved trafikale avvik. Transportoperatørane innhentar sjølv kontaktinformasjon til skulane.
- Skyss oppfordrar skulane til å gje elevane opplæring i trygg åtfærd i samband med skuletransporten ved skulestart. Her vil Trygg Trafikk sin informasjon og opplæringsmateriell bli nytta.
- Sjøførane skal minne passasjerane i buss om at dei må nytte setebelte ved felles start frå skulen. Alle bussar som har setebelte vil elles vere merka med informasjon om å nytte desse.
- Ved trafikale avvik, som til dømes forseinka eller uteblitt skulebuss/drosje, skal operatør og eventuelt drosjeselskap, informere berørt skole direkte ved tilkøyring til skulen. Ved skuleslutt skal skulen kontakte operatør direkte for å løyse henting.
- Trafikkoperatør for buss skal loggføre hendingar i Skyss sitt avvikssystem slik at kundesenteret hjå Skyss er informert.
- Ved ulykker og kriser i skuletransporten skal politi og nødetatar kontaktast så fort som mogleg. Det vil vere politiet som styrer kva tiltak som blir gjort og kva informasjon som blir gitt. Transportoperatør skal, om mogeleg, informere den berørte skulen om at dei må kontakte politiet for informasjon.